



## Krav til planlegging

**Kva skal ein byggjeplan omfatte:**

### Stukken senterlinje

Senterlinja til vegen skal vere stukken i marka og dokumentert. Det bør vere sett ut referansepunkt som gjer at senterlinja kan rekonstruerast.

### Kart

Vegplasseringa skal visast nøyaktig på eit detaljkart i målestokken 1 : 10 000 eller større.

### Lengdeprofil

Ein byggjeplan skal vanlegvis innehalde lengdeprofil, men for vegar utan kritiske stigingsforhold kan det gjerast unntak frå denne føresegna.

### Tverrprofilar i masseberekning

Større veganlegg som medfører store masseforflytningar, bør massebereknast, og det bør utarbeidast tverrprofilar. For mindre anlegg kan det gjerast unntak frå denne føresegna.

### Arbeidsbeskriving

Det skal lagast ei arbeidsbeskriving. Innhaldet må tilpassast detaljeringsnivået i planlegginga og behova for å beskrive ulike forhold på kvart enkelt anlegg.

### Mengdeoversikt og kostnadsoverslag

Som grunnlag for kostnadsoverslag og tilbod bør det setjast opp ei mengdeoversikt. Oversikta må tilpassast detaljeringsnivået i planlegginga og skjemaa «Anbud for utførelse av skogsveianlegg» og «Normalkontrakt for utførelse av skogveianlegg».

### Avtalar ved fellestiltak

Når vegar bygges som fellestiltak skal det foreligge ein skriftleg avtale mellom deltagarane om fordeling av kostnader og ansvar i forbindelse med gjennomføring av tiltaket. I tillegg skal det settes vilkår for hvordan oppfølging og vedlikehald av vegen skal følges opp.

### Fastsettelse av vilkår

I henhold til § 3, 3. ledd i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, kan det settes vilkår for utbetaling av tilskot til det enkelte tiltaket. Slike vilkår kan for eksempel være krav om årleg avvirkning i dei områda som er innenfor vegens angitte dekningsområde.

### Klage, kontroll og omgjøring

Søkjer er selv ansvarleg for å gjøre seg kjend med bestemmelsene om klage, kontroll og omgjøring, jf. Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Eit oversiktskart skal vanlegvis ha målestokken 1 : 50 000. Dette skal teiknast inn:

1. Skogområdet som veganlegget omfattar, skal teiknast med **heil blå strek**.
2. Heile skogområdet som kan rekne med å få nytte av vegen, skal teiknast med **broten blå strek**.
3. Eldre vegar i eller nær området skal teiknast med **heil svart strek**.
4. Den planlagde vegen skal teiknast med **heil raud strek**.
5. 0-pelen til vegen skal teiknast med teiknet **0**.
6. Det planlagde endepunktet på vegen er teikna med teiknet **X**.